



Tilleggsinnkalling Kommunestyret

Møtedato: 13.02.2020
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00

I dette møtet vert det orienteringar om:

- Status årsregnskap 2019, ved Olav B. Andersen
- Ny ambulansestasjon
- Valgt løysing for busstransport til Aufera
- Utfyllande infomasjon om planstrategi
- Oversikt over kommunale eigedommar

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Denne saka var oppe i administrasjonsutvalet og formannskapet 23. januar 2020, og skulle vore meldt opp til kommunestyret også. Det var den ikkje i utgangspunktet, så no kjem den som tilleggssinnkalling. Dette er ei orienteringssak.

Saksliste

Saknr	Tittel
002/20	Budsjett 2020

Austrheim 11. februar 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/20	Administrasjonsutval	OS	23.01.2020
001/20	Formannskapet	OS	23.01.2020
002/20	Kommunestyret	OS	13.02.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE-150	20/52

Budsjett 2020

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Administrasjonsutval - 001/20 - 23.01.2020

ADM - behandling:

Økonomisjef Olav B. Andersen orienterte om dei endringar som er gjort etter budsjettvedtaket i kommunestyret i desember.

Som følgje av endringane i rammene vil resultatet i budsjettet for 2020 bli redusert frå 4 900 000 kr. i overskot til 4 030 000 kr. i overskot.

Andersen sa at det vert eit arbeid vidare med å justera økonomiplanen for åra framover opp mot dette. For budsjettet 2021 og økonomiplanane vidare vil ein starta budsjettarbeidet i mai 2020, for å komma tidlegare ut.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret gjorde berre små endringar, tilsvarende 0,43 prosent av det som rådmannen disponerer.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er viktig at ein også i innsparingsprosessen er klar over at Austrheim ikkje er konkurs, men har god kvalitet i tenestene, frå barnehagane og til Nordliheimen. Viktig at alle, også dei tillitsvalde, er positive til kvaliteten i det arbeidet som vert gjort i kommunen.

Tillitsvald i Utdanningsforbundet Geir Føllesø sa at endringane kommunestyret gjorde, er eit sunnhetsteikn som viser at trepartssamarbeidet fungerer, og der ein tek omsyn til dei innspela som kjem frå dei tilsette. Til dømes det at barnehagane fekk behalda ressurs til assistent i plantida, dette var noko som glede dei tilsette i barnehagane veldig. Dei tillitsvalde har vore kritiske til arbeidet med å flytta 8. klasse frå Kaland til Årås, men dette gjekk på at prosessen var for kort. Men no med den høyringa som er ute, med ei veldig god saksutgreiing, får alle seia si meining før kommunestyret skal gjera sitt vedtak.

Olav Andersen sa om skatteinngangen i 2019 at den er fem millionar over opphavleg budsjett, og også over revidert budsjett. Spørsmålet er korleis inntektsutjamninga slår ut for Austrheim

kommune. Elles gjekk lønsutgiftene ned i 2019 samla sett.

Ordførar Lerøy og rådmann Løvvik viste til at Austrheim og andre kommunar kjem dårleg ut av låg auke i dei statlege overføringane, lågare enn til dømes lønsveksten til dei tilsette. Når sjukepleiarane har eit godt lønsoppgjær, og dette ikkje vert dekkja av staten, så betyr det at kommunen sine utgifter vert auka kvart år framover.

Handsaming i administrasjonsutvalet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM - vedtak:

Administrasjonsutvalet/formannskapet tok saka til orientering.

Formannskapet - 001/20 - 23.01.2020

FS - behandling:

Det vart orientert om denne saka i administrasjonsutvalet.

FS - vedtak:

Formannskapet tok saka til orientering.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Budsjettendringar for år 2020 ifølge vedtak i sak 086/19 i kommunestyret 12.12.2019:

Barnehagane

Styrar i barnehagane må få handlingsrom og ekstra midlar for å kunna tilkalla assistent dersom dette er naudsynt for å sikra forsvarleg drift. Dette gjeld dei timane pedagogane ved barnehagane skal avvikla plantida si.

Barnehagane får behalda assistentar som tilsvarer 1,2 årsverk i Austrheim Kystbarnehage og 0,6 årsverk i Kaland barnehage.

Ovannemnde tiltak utgjer ein auke i ramma med 840 000 kr.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet i Austrheim er ein viktig ressurs i arbeidet med å skapa ein kommune med gode oppvekstvilkår. Kommunestyret beklagar at Ungdomsrådet mista heile den økonomiske støtta frå kommunen i 2019. Kommunestyret løyver med dette kr 30.000,- i støtte til Ungdomsrådet sitt arbeid

i 2020.

Økonomi:

Endring i totalbudsjettet for 2020

Som følge av ovennevnte endringer i rammene vil resultatet i budsjettet for 2020 bli redusert fra 4 900 000 kr. i overskot til 4 030 000 kr. i overskot.

Konklusjon